

Eit kyrkjebilete

av
Jørgen Skjæveland



*Målerstykke fra den gamle Bjerkreimskyrkja, bygd 1628 og nedrevet 1835.
Bildet er trulig av Gottfrid Hendtzschel.*

Attmed døpefronten i Bjerkreim kyrkje heng eit bilete, eit målarstykke, frå den gamle kyrkja på Bjerkreim som var bygd i 1628 og riven i 1835. Dette bilete har ei interessant og dramatisk historie. Det er måla på ei treplate med motiv om då Jesus metta fem tusen i ødemarka. Det er visstnok måla av den polske kunstmålaren Gottfrid Hendtzschel, han budde i Stavanger i tida 1620-1650 og måla i fleire kyrkjer i Rogaland.

Då dei reiv denne gamle kyrkja i 1835, selde dei omlag alt på auksjon for å få pengar til å byggja ei ny kyrkje.

På Vinningland budde det ein mann som heitte Askjel. Han kjøpte dette bilete på auksjonen og sette det inn som bakvegg i eit lite vegg-skåp han laga, og snudde bilete *inn* i skåpet. Nå hadde han ei dotter som heitte Torgjerd, ho vart gift med Johannes Tolleivson Sundvor. Og då ho flytte opp til han, fekk ho med seg dette skåpet som heimefylgje. Men i 1850 brann heimen hennar på Vinningland, der 5 menneske miste livet. Hadde ho ikkje fenge med seg skåpet, hadde bilete brunne

opp. – Så hekk skåpet på veggen på Sundvor i mange, mange år, og ingen visste om bilete inni skåpet anna enn folket i huset.

Johannes og Torgjerd hadde ein son som heitte Anders. Han vart skulemeister og fekk sidan garden på Sundvor. Dotter hans, Sirina, gifta seg i 1906 med Torvald Austrumdal. Ein gong han var på Sundvor, fekk han sjå dette bilete inni skåpet. Han såg med ein gong at det var eit verdifullt målarstykke frå den gamle Bjerkreimskyrkja. Han fekk det då og sende det inn til Kunstgalleriet i Oslo, dei skulle friska opp fargane og setja det i stand. Han venta lenge, men fekk det aldri att. Då han spurte etter det, fekk han til svar at dei hadde forlagt det bort og kunne ikkje finna det att. Jaja, så kom det til slutt bort i Oslo, trudde han.

Men så ein gong i 1960-åra kom det melding fra Kunstgalleriet at nå hadde dei funne det att. Så sette dei det i stand og sende det til Torvald Austrumdal, og han gav det som ei gåve til Bjerkreim kyrkje. I den gamle bygdaboka som Sem Austrumdal skreiv, står det eit fotografi av dette bilete *før* det vart sendt inn til Kunstgalleriet. Her syner godt så øydelagt det var (sjå foto ovenfor).

Og så får me vona at bilete heretter får henga i fred i Bjerkreim kyrkje.

Jørgen Skjæveland

Hentet fra Bjerkreim Bygdablad nr. 7, 1979

Aaland Gård, november 2010
Paul Tengesdal